

Vedlegg: Info om heile prosjektet

Oppgraderinga har hatt som hovudmål å auka trivsel og skapa fleire møteplassar for me som bur på Bjoa, for dei som har hytte her eller som vurderer å flytte hit i framtida.

Me har jobba for at prosjektet skal inneha tilbod til alle aldersgrupper som gjer den allereie flotte staden og Bjoa enda meir attraktiv.

Vedvikjo ligg perfekt mellom Innbjoa og Utbjoa, som gjer at det er relativt kort veg for fleire i bygda. Ungar og ungdommar utan sertifikat kan komma seg dit på eigenhand. Denne oppgraderinga er etter ynskje frå bygdefolk, som gjerne vil at staden skal nyttast meir og av fleire.

I fjor sommar starta me med å få på plass ei etterlengta badebrygge slik at det blir eit mål for ein symjetur. Me fekk og sett opp solid grill med sidebord. Me fekk oppgradert utedoen med enkle midler, og kjøpt inn og laga til Lågterskelbua.

Alt dette ga gledelege resultat på solrike dagar i fjor sommar, og me var fleire som kunne sjå at alt me hadde ordna var mykje i bruk, Så positivt!

Lågterskelbua -

“Lågterskelbua”. På lesida av toalettet som står i Vedvikjo har me satt opp ei bu/bod/lager med hyller. I hyllene har alle ting sin tydelege faste plass. Innhaldet i hyllene er f.eks: Badminton, bocca, volleyball, fotball, små samanleggbare fotballmål, kubbespel, sandkasse- og strandleiker, hengekøye, yatzy og kortspel, fiskestenger og fiskeutstyr, 2 samanleggbare partytelt, store badedyr (til ungdom), sup-brett mm.

I 2025 vil me utvide dette tilbodet vidare i samarbeid med Frilager.no. Dette vil gje tilgang på kanoar, fleire redningsvestar og fleire sup-brett. Dette vil kome på plass allereie denne våren.



Me har og pussa opp toalettet og montert lys slik at bygget blir meir brukarvennleg for alle og kan brukast som omkleddingsrom.



Badebrygge - Målgruppe- Alle

Det er fantastisk fint å gå på langgrunn sandgrunn ut i sjøen, men Vedvikjo bidrar elles lite til badeleik. Ein badebrygge skapar mykje meir aktivitet og leik og den kan plasserast sånn at stuping og hopping blir ein viktig tilleggsaktivitet. I samarbeid med friluftsrådet vest har me kjøpt og fått på plass badebrygge sommaren 2024.

Sosial møteplass –

Vedvikjo kan vere ein av dei viktigaste møteplassane i bygda og vi vil få på plass ein betre grillplass med grill og sittegrupper og generelt fleire sittebenker. I samarbeid med Friluftsrådet vest har me fått på plass ein flott grill med bord på badestranda.



Me hadde og ein flott opning av ny grill sommaren 2024. Me satsar på fleire fellesmiddag for bygda sommaren 2025.

Bjoa badstue -

Prosjektet ønskjer også ei badstue for alle! Den fuktige varmen har òg direkte helsegevinstar. Det er dokumenterte gevinstar og ein halvtime i badstua har same positive effekt for hjarte som 30 min med løping.

Badstua skal vere opne for alle. I badstua tenker me å tilby fellesbadstue to gonger i veka i tillegg private bookingar utanom. Me ønskjer at dette skal vere eit trekkplaster til stranda for sambygdingar i alle aldre, hyttefolk, og alle som kan få ein helsegevinst av dette.

Badstua er ikkje eit kommersielt tiltak. Priser for bruk skal berre dekke ved og vedlikehald.

Sidan det er mogleg å køyre ned til stranda og me ønskjer minst mogleg opparbeiding og fundamentering har me no kjøpt inn ei badstove som er montert på hengar. Dette gjer det også lett å flytte badstua ved behov. Dersom dette tilbodet skulle vise seg å ikkje vere attraktivt på Bjoa, kan badstua på denne måten enkelt også seljast vidare. Det er den lokale produsenten Utesauna (Halsnøy) som blant anna og har levert til Frisk i Ølen.

Badstua skal ha ei eiga tilsynsforeining av frivillige, som har eit overordna oppsyn og ansvar for fellestimer, drift og administrasjon av medlemstimer. Det må minimum vere 6 stykk som forpliktar seg i driftsgruppa. Dei fleste driftstimane går med til fyring og reinhald. Det vil bli kjøpt inn eit eige bookingssystem og er budsjettert levert frå leverandør

periode

Brukarar utanom fellesstimane må vere medlem slik at dei har eigeninteresse og medansvar for badstua og alle medlemmer må inngå ein forpliktande avtale og abonnement for å kunne bruke badstua.

Eksempel på fast timeplan:

Tid	Måndag	Tysdag	Torsdag	Laurdag	Søndag
10-13				BBB fyrer opp Felles badstuetime	
16-18	Medlem	BBB fyrer opp	Medlem		Medlem
18-20	Medlem	Felles badstuetime	Medlem		Medlem
20-22	Medlem		Medlem		Medlem

Driftsmodell som sikrer drift (ved) og vedlikehold, men som framleis ikkje er fastsett:

- Driftskostnader i året er på mellom 20- 40 000
- Badstua skal primært vere for folk på Bjoa og prisar skal berre sikre drift.
- Ønskjeleg at flest mogleg er medlem
- Førebelse priseksempel
 - 300 kr i halvåret for medlemskap (student 200 kr)
 - 50 kr pr person i fellesbadstu pr gang
 - 300 kr for å leie heile badstua for 2 timer
 - 120 kr pr person i fellesbadstu for ikkje medlem
 - 700 kr for å leie heile badstua for 2 timar

Budsjett:

Budsjett - Drift badstu		2025 (halvt år)		2026	
		utgift	inntekt	Utgift	Inntekt
	(Forbruk ca 7 kg per badstutime og regner med 15 timer i uken i 50 uker i året). Årsforbruk blir ca 7 paller på 1500 l (1 pall koster 2000)				
Ved		7 000		14 000	
Vanndunk og bensin		1000		2000	
Vedlikehold	Dugnadstimer (300 kr timen) . Minimum 300 timer i året.	45000		90000	
Utstyr		1000		2000	
Bookingssystem (Periode)					
Abonnement pr måned	199	1194		2388	
Pris pr bestilling	1,99 % av timepris	1124,35		2248,7	
Badstutimer (snitt 125 kr timen)	5 i fellesbadstutimer 3 ganger i uken i 40 uker		37 500		75 000
Årsabonnement (ansvarlige driftsgruppa) 1000,- pr pers	Minimum 6 stykker i driftsgruppe		3000		6000
Årsabonnement andre med ansvarsavtale 2000,- pr pers	budsjett med 16 stykk		16000		32000
Sum		56 318	56500	112 637	113000

Figur 1. Budsjettet er sett opp med eit litt konservativt antall gjestar og eit utrekna vedbehov og abonnementsutgifter ut frå budsjettet antall gjestar. Det er rekna ut drift i halve året i 2025.

Folkebadstu i Vedvikjo på Bjoa



UteSauna

Priser:
Sauna m gard. fra 190 000,-
Ovn: 17 000,-
Tilhenger: 54 000,-
Totalt: 260 000 m mva



Gjennomføring:

Fastlegging av varig drift og samarbeidsløysing og driftsdugnad og avslutting av prosjektdelen blir gjort i 2027.

Finansiering:

Budsjett "Vidareutvikling av Vedvikjo friluftsområde"		Sum inkl mva		Dugnadstimer, verdisatt 300,- kr/	
Badstue		260 000,00 kr		90	
Beis		10 000,00 kr		30	
Søknader		30 000,00 kr		60	
Bua - Utstyrslager		30 000,00 kr		50	
Badebrygge		38 000,00 kr		50	
Sittebenker		30 000,00 kr		25	
Grill med grillbord		55 000,00 kr			
Informasjonstavler bruk av utstyr/område		10 000,00 kr		30	
Anskaffelse, montering, Klargjøring av underlag		100 500,00 kr		335	
Total		563 500,00 kr		335	
Total minus dugnadstimer		463 000,00 kr			
Finansieringsplan 2025-2027		2024	2025	2026	2027
SR-bank stiftelsen	100 000				
Sparebank Vest	50 000				
Kulturtilskot - grill, badebrygge etc		10 000			
Kulturtilskot badstu		25 000			
SØK -midlar		110 000			
Andre søknadsmidler		50 000			
Eigenkapital BBU	87000	30 000		10 000	
Dugnadsinnsats	20 000	50 000	30 000	10 000	
Sum per år	257 000	240 000,00 kr	30000	20 000	
Totalt					547 000

Bjoa idrettslag vil på litt sikt også søke om etablering av sandvolleyballbane der kor volleyballnettet er i dag.